FULLDISTRIBUSJON

FUSA KYRKJEBLAD

Nr. 3 Desember 2026 Årgang 92 år





Den "ukjende" pioneren frå Fusa
S. 4-6




Vil du hjelpe Ruhama og Ayelech?
S. 7



Advents- og juletida i Fusa sokn
S. 10-11



Nye fjes på kontora og i felten
S. 14



Fusa-kalenderen 2027
S. 15

FUSA sokn
Fusa kyrkjekontor

FJORD'N SENTER 2. HØGDA
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen
Tlf. 56 58 01 81
E-post: post.fusa@kyrkja.no

Kontortid
Mandag - fredag kl.09.00-14.00
Prest og organist har fridag måndag.

Soknepresten	
Anette-Emilie Gangstø	45 28 02 78
Fungerande dagleg leiar	
Marius Dale Romslo	93 03 49 89
Trusopplæring	
Sylvi Lundgren	47 50 43 27
Hildegunn Myrlid Eide	97 65 01 55
Konsulent	
Ingebjørg Sundfjord Gjøn	56 58 01 81
Kantor	
Iman de Zwarte	95 03 93 33
Soknerådsleiar	
Sigbjørn Sundfjord	97 65 00 93
Fusa frivilligsentral	56 58 01 14

Kyrkjetenarar
FUSA KYRKJE
Rianne de Zwarte 46 68 03 96
STRANDVIK KYRKJE
Rianne de Zwarte 46 68 03 96
HÅLANDSDAL KYRKJE
Terje Rød 48 25 56 46
SUNDVOR KYRKJE
Øyvind Nordbø 48 30 52 59
SÆVAREID KAPELL
Terje Rød 48 25 56 46

Gåver til kyrkjelydsarbeidet kan sendast Fusa soknerråd, bankgiro: 3530 25 86215 eller VIPPS #90436

FUSA KYRKJEBLAD
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen

Ansvarleg utgjevar:
Fusa soknerråd

Konto for kyrkjebladet:
3530 25 86215
VIPPS #90436 legg til kategori:
Fusa kyrkjeblad
Bladpengar er kr. 250,- pr. år
Utanbygds kr. 350,- pr. år

Tekst og foto i bladet:
Fusa sokn,
dersom anna ikkje er notert.

Framsidefoto: Jan Tore Åkre

REDAKSJONEN:
Hans Einar Markhus hm629@kyrkja.no
og staben ved kyrkjekontoret

Julaften

Juleevangeliet i Luk 2 forteller om hva som skjedde i jula for vel 2000 år siden.Vi leser om Josef og Maria og Jesus-barnet, engler og gjetere og krybbe og stall. Det er en spesiell og sterk historie.

Hva betyr det egentlig, det som skjedde den gangen? Hva betyr jula for oss i dag? Jeg antar at mange vil si at jul, det innebærer ikke minst å kose seg med mye god mat, og fellesskap med familie og venner. Gode musikkopplevelser hører gjerne også med. Enkelte vil kanskje trekke fram dette med å ha noen fridager fra jobben, og en mulighet til avkobling og ettertanke. Barna vil vel synes at julegavene under juletreet står sentralt i julefeiringa.

For andre mennesker er jula forbundet med følelser og opplevelser som ikke er fullt så gode. Det kan være bekymring for egen eller andres helse, savn etter noen man har mistet, ensomhet, angst og depresjon. Ser vi ut i den store verden blir vi vitne til mye nød, mennesker på flukt fra krig og uro, og naturkatastrofer av forskjellige slag. Også i vårt land er det mennesker som ikke har det så godt. Menneskelivet rommer så mye forskjellig.

Julefeiringa vår i Norge bærer preg av at vi lever i et land med høy levestandard for mange.Vi bruker mye penger på mat og klær, gaver og pynt.Vi har mye å glede oss over, men det er likevel ingen selvfølge at vi har funnet virkelig juleglede.

Den første jula bar ikke preg av glitter og stas og overflod. Det motsatte var tilfelle. Josef og Maria fikk ikke en gang et skikkelig sted å overnatte. Jesus ble født der dyrene holdt til, uten ære og prakt. Kongsbarnet, Guds egen sønn, ble liten og fattig for å kunne gjøre oss rike.

Engelen kom først med budet om hans fødsel til gjeterne, som var fattige og uten skolegang. De hadde en veldig lav status i samfunnet.

«En stor glede for hele folket,» sa engelen. En Frelser var født.

Julas budskap er at Gud kommer til oss med kjærlighet og fellesskap, glede og fred. Han kommer personlig til oss ved sin egen Sønn for å gjenopprette forholdet vårt til skaperen vår. Dette er et tilbud til oss, en gave. Denne gaven blir først til glede for oss når vi tar imot den. Jesus er den største julegaven. Når vi åpner opp for det han vil si oss og gi oss og gjøre i våre liv, da opplever vi sann juleglede. Gud gir til oss, og vil at vi skal gi videre til våre medmennesker.

Det å få bety noe for andre er en stor glede.
Når man gjør andre glad blir man selv glad.

God Jul!



«En liten stund med Jesus»



Kirsten Olsen

Det er Kirsten Olsen som har skrive juleandakten i kyrkjebladet i år. Kirsten er pensjonert prest og kjent for oss i Fusa som vikarprest her i to år 2006-2008, men har av og til vore å sjå i benkeradene våre etter det, då som gudstenestedeltakar i Fusa-kyrkjene når ho sjølv har hatt fri-søndag frå si preste-teneste.

Kirsten har no gjeve ut ei andaktsbok; «En liten stund med Jesus». Juleandakten er henta frå boka, som ein kan få kjøpt ved å ta kontakt med Kirsten – kyrkjekontoret kan formidla kontaktinfo. Kanskje det er ei fin julegåve?

DETTE SEIER KIRSTEN SJØLV OM BOKA:

Om boka

Jeg har hørt om Jesus helt fra jeg var ganske liten. Pappa fortalte historier både fra Det gamle testamentet (GT) og Det nye testamentet (NT). Det var ikke minst spennende å høre historier om David og Goliat, Daniel i løvehulen o.l. Jeg vi tro at dette har vært med og bidratt til at Bibelen har blitt viktig for meg.

I voksen alder utdannet jeg meg til prest. Størstedelen av yrkeslivet mitt har jeg fungert som det. Nå er jeg pensjonist, men bærer fremdeles på kallet til å forkynne det gode budskapet om Guds kjærlighet til oss mennesker gjennom Jesus Kristus.

Andaktsboka inneholder en del betraktninger over tekster i NT. Jeg håper at boka kan bli til oppbyggelse, formaning og trøst.

Gjennom Jesu ord og handlinger har mange menneskers liv blitt forvandlet, både på den tiden vi leser om i NT, og senere helt opp til vår tid. Jesus ønsker å møte oss alle med sin kjærlighet og sannhet. Han kaller oss til å tro på ham og til å følge ham.

I Joh. 8,31b-32 sier Jesus:
«Hvis dere blir i mitt ord, er dere virkelig mine disipler. Da skal dere kjenne sannheten, og sannheten skal gjøre dere fri.»

Kirsten Olsen



Den «ukjende» pioneren frå Fusa

– i eit land med 130 millionar menneske!

Tekst: Harald Geir Sæther

DR. MEKONEN: «VI HAR TRULEG IKKJE HATT LOGOPEDUTDANNING (I ETIOPIA) UTAN ANDERS».



Anders Holmefjord

Alder: 85 år

Kjem frå: Holmefjord

Familie: Gift med Aashild, 4 barn, 11 barnebarn og 1 oldebarn.

Utdanning: Lærar, logoped og lektor i spesialpedagogikk.

Arbeid: Ca 35 år som logoped ved Eikelund kompetansesenter, no pensjonist.

Overlege og plastikkirurg Mekonen ved Yekatit 12 hositalet i Addis Abeba har kjend Anders Holmefjord sidan 2004.

Han seier følgjande om Anders si rolle med å etablere logopedutdanning i Etiopia: *«Vi har truleg ikkje hatt logopedutdanning utan Anders. Anders hjelpte oss ut av krisa med tanke på å få etablert ei slik utdanning. Vi er svært, svært takksam for det han har gjort. Hans bidrag gjer at vi i dag er ein del av universitetstilbodet i Addis».*



Mange veit kven Anders Holmefjord er, men få veit kva Anders har betydd i eit land med meir enn 130 millioner innb. Landet vi skal til er Etiopia. Ei lita gruppe frå Fusa saman med nokre andre var i dette vakre landet i oktober, og då forstod vi verkeleg kva Anders har betydd når det gjeld å få etablert logopedutdanning i landet med ca 25 gongar så mange innbyggjarar som Noreg. Dei som kjenner Anders veit at han er ein stillfaren mann som ikkje snakkar så høgt om seg sjølv. Kyrkjebladet vil i denne samtalen prøve å kome til botn i kva Anders verkeleg har gjort.

Du har vore pådrivar for å utvikle logopedutdanninga i Etioipia. Når begynte du, og kor lenge varte det?

Første tur til Etiopia var i 2002, og siste tur som hadde med utvikling av logopedutdanninga hadde eg i 2013. Eg hadde i denne perioden meir enn 20 turar, og til saman ei butid i Addis på overkant av eit år. Eg hadde ein god del arbeid mellom alle desse turane, og dialog med nøkkelpersonar i Addis. Vi diskuterte gjennom e-postar, og mi oppgåve var i stor grad å kome med innspel.



Betlehem, logoped Fikiru og Anders

Korleis starta det heile? Kven sto bak?

Eg var ein del av Gane/spalteteamet ved Haukeland Universitetssykehus. Der fekk eg spørsmålet om eg kunne tenkje meg å vere med å utvikle eit tverrfagleg team for behandling av personar med leppe-/ganespalte i Etiopia. Historikken går tilbake til år 2000 då Haukeland Universitetssjukehus med støtte frå Norad starta brannskadeprosjekt leia av dr. Einar Eriksen, som mange i Fusa har møtt. På same tid vart det starta program for utdanning av etiopiske plastikkirurgar. Brannskadeprosjektet rusta opp eigen sengepost for brannskadde på Yekatit 12 sjukehus i Addis Abeba og bygde ny operasjonsavdeling. Dette kunne også brukast for gane/spaltepasientar, noko som skjedde frå 2003. Første turen min til Etiopia var i 2002 då eg saman med andre fagpersonar frå Haukeland arbeidde fram søknad om Noradmidlar. Målet var å få på plass eit tverrfagleg ganespalteteam, der også logoped var med. Logopedi var då ein ukjend profesjon i Etiopia. Søknaden vart innvilga.

> *Eg var positivt innstilt*
> *- det kunne vere meiningsfullt...*

Kva tenkte du då du fekk spørsmålet om å bli med?

Eg var positivt innstilt – det kunne vere meiningsfullt – dette var noko eg hadde lyst til!

Korleis var oppfølginga frå di side?

I utgangspunktet var dette eit 5-årsprosjekt. Vi starta med å få på plass eit tverrfagleg team samansett av plastikkirurg, ØNH-lege, tannlege og logoped på heiltid. Tannlegen var etiopisk, dei andre norske. Eg var konsulent for logopeden sidan eg hadde arbeidd med leppe-/ganeopererte i mange år. Det førde med seg at eg eit par gongar for året også var i Etiopia. Planen var å utdanna etiopiske logopedar i Sør-Afrika. Til saman 6 fekk tilbodet, men berre to kom att og vart med i teamet over tid. Ei av desse vart ein viktig ressurs i utvikling av pensum og plan for logopediprogrammet. Me fekk kontakt med universitetet i Addis og etter kvart vart både ho og eg med i ei internasjonal gruppe på sju personar som arbeidde fram plan og pensum for logopedutdanning, i første omgang på bachelor nivå. Då fekk eg bruka både logopedisk arbeidserfaring og det eg hadde fått med meg gjennom mange år som førelesar og sensor ved logopedstudiet i Bergen. Planen frå gruppa vart etter kvart godkjend av universitetsleiinga. Det var ei ekstra glede då eg på kyrkjelydsturen til Etiopia i 2015 fekk vera med på universitetet der dei førebudde opptak av dei første studentane i logopedi i Etiopia.

Kven var det som som støtta logoped-utdanninga?

Dei som fekk utdanning i Sør-Afrika var støtta med norske prosjektmidlar. Studiet i Addis er det den etiopiske staten som står for, men dei har hatt god hjelp frå m.a. Canada når det gjeld kvalifiserte førelesarar. Det hadde seg slik at ein canadisk humanitær organisasjon som heiter «Transforming Faces» kom inn i biletet då det norske prosjektet ebba ut. Sjølv fekk eg reiser og opphald dekka derifrå dei siste gongane eg jobba i Etiopia

Dei formidla kontakt med universitetet i Toronto og fekk inn førelesarar til logopedstudiet. Når det gjeld spalteoperasjpnar er det god støtte frå den amerikanske organisasjonen «Smile train» (Bill Gates). Dei betaler eit beløp pr gane/spalteoperasjon som vert utført av plastikkirurg. Dette er viktige bidrag då det er eit gratis tilbod for denne pasientgruppa. Elles er det i dag i all hovudsak offentleg finansiering av brannskadeavdelinga og gane-spalteavdelinga på Yekatit 12 hospitalet, og utdanning av tannleger og logopeder ved universitetet i Addis.

> *Etiopia er blitt eitt av få land i Afrika som utdannar logopedar.*



Yekatit 12 hospital

Korleis er status for logopedutdanninga i Etiopia i dag?

I 2015 kom ein i gong med bachelorstudiet for logopeder. Desse vart ferdig utdanna i 2019. Nokre av desse har no tatt mastergrad. I 2024 fullførte dei 16 første studentane mastergrad. No er det ca 50 studentar i studiet fordelt på bachelor- og mastergrad.

Det er 4 utdanna etiopiske logopeder som i dag arbeider ved Yekatit 12 hospitalet – som tek i mot alle typar logopediske tilfelle og er praksisplass for alle logopedstudentane.

Etiopia er blitt eitt av få land i Afrika som utdannar logopedar.

Trongen for fagfolk er stor. For å bøta litt på behovet fekk me støtte frå «Transforming faces» til å starta eit 6-8 vekers kurs for helsepersonell, der teori og praksis går hand i hand og der dei som fullfører kan kalla seg «Logopedassistentar». Eg var med på fleire av desse kursa. Deltakarane er ofte busett i distrikta og kan gjere ein forskjell først og fremst for born som er operert for spalte. Dette opplegget starta i 2010 med studentar også frå Ghana og Nigeria. Slike kurs er framleis i gang.

Og alt dette har du vore med på?

Ja, eg har vel det på den måten at eg har vore med under heile prosessen med mine små bidrag. Men det er eit teamarbeid – og det er viktig at etioparane har eigarskapet. Eg har på ein måte vore «hjelpearbeidar» i ein fase – no er dei sjølvgåande med etioparar i alle funksjonar. Det har vore eit spennande løp å følgje, og eg er takksam for at eg fekk vera med på det. Det var stort å koma innom Yekatit 12 -hospitalet på nytt no i oktober og sjå at det me planta for snart 25 år sidan har bore frukt.

Kyrkjebladet takkar Anders for å dele dette med oss. Utan Anders sin innsats hadde ein i Etiopia truleg ikkje hatt logopedutdanning i dag. Anders skal nok ikkje ha ære for alt, men har vore ein svært viktig bidragsytar i dei tverrfaglege teama han har delteke i.

Julegåve

VIL DU VERE MED Å BIDRA TIL AT RUHAMA OG AYELECH FÅR NY BUSTAD?

Ruhama er multifunksjonshemma, og har vore det frå fødselen. Ho er no 30 år gamal, og treng hjelp til alt! Ho hadde ein svært krevjande fødsel, og mor hennar døydde då. Ayelech, som vaks opp på barneheim på misjonsstasjonen i Hagere Mariam, tok på seg ansvaret frå Ruhama var nyfødd. Ayelech har i alle desse tretti åra vore Ruhama si fostermor. I Etiopia er dette ei ordning som er uløna. Ho har i alle år forsørga Ruhama. Ayelech har hatt arbeid m.a. på biblioteket på Tabor, for å greie å forsørge seg og Ruhama. Ho vert pensjonist til våren og må flytte frå der dei no bur, på området til Tabor. Difor treng desse to ny bustad.

I oktober var vi sju frå Fusa i Etiopia, og nokre av oss besøkte desse to. Reiseleiaren vår Osvald Hindenes, som saman med kona Jorunn har vore isjonærar i Etiopia i mange år, har etter turen starta ein privat innsamlingsaksjon slik at det kan bli mogleg for Ayelech og Ruhama å få kjøpt ny bustad i Hawassa. Ein reknar med at det totalt vil koste dei kr. 200 000 NOK for å dekke kostnaden for ein rimeleg grei bustad med to soverom.

Vi frå Fusa som var med på turen oppmodar deg som har høve til det å gje ei gåve til Ruhama og Ayelech slik at dei kan få ny bustad. Osvald Hindenes vil følgje opp dette slik at pengane går til dette føremålet.

Vipps til Fusa sokn (90436)
– Gåve til Ayelech
Bankkonto 2800.12.92988
– Osvald Hindenes er eigar av denne bankkontoen.

Varm takk til deg som vil støtte Ruhama og Ayelech.
Mette Marie Rosvold, Andreas Næss, Liv Selø Næss, Anders Holmefjord, Hildegunn Øygard, Matias Øygard og Harald Geir Sæther.



Ruhama og Ayelech i stova i noverande heim. Bilete vart tatt på turen no i oktober.

NY BRANNSKADEAVDELING I ARBA MINCH OG BESØK PÅ CBWCF SI AVDELING I ADDIS

Vi var sju frå Fusa som deltok på årets tur. Til saman var vi 15 på reisa der Osvald Hindenes var vår reiseleiar for fjerde gong! Vi landa med fly i Addis, og vi bevega oss ca 620 km med buss sørover der vi besøkte m.a. byane Konso, Gidole, Arba Minch og Hawassa. I kyrkjebladet vil vi setje fokus på opninga av ny brannskadeavdeling på sjukehuset i Arba Minch og besøk på CBWCF si avdeling på det koreanske sjkehuset i Addis Abeba.

Opning av brannskadeavdelinga i Arba Minch

Dette var ein stor fest, og visepresidenten i regionen med om lag 10 millionar menneske deltok. Her er frå venstre Olaug (Mette Marie si søster), Hildegunn, Eyob (som arbeider i CBWCF), Mette Marie og Anders. Vi alle vart pynta med skjerf som viste kva region i landet vi var i. Mange var kledd i sine nasjonaldrakter.



Childrens Burn & Wound Care Foundation si brannskadeavdeling ved det koreanske sjukehuset

På eit av bileta ser vi delar av personalet. Det arbeider no 18 etioparar ved denne avdelinga. Dei er sjølvdrivande. Barnet på 8 mndr vi ser er ei trist historie. Det var eit stearinlys i heimen som velta over senga, og sengetøy og klede tok fyr. Begge beina er amputerte. Men barnet vil få hjelp til å lege brannskadene (hudtransplantasjon) og vil etter kvart få proteser og andre tekniske hjelpemiddel.





Juleevangeliet

Lukas 2, 1-20

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrde til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.

Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: *«Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Den salva, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.»*

Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:
«Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!»

Då englane hadde fare attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: *«Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunngjort for oss.»* Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som høyrde på, undra seg over det gjetarane fortalde. Men Maria gøymde alt dette i hjartet sitt og grunda på det. Og gjetarane vende attende. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde høyrt og sett; alt var slik som det var sagt dei.



Eit barn er født

Av Anders Holmefjord

Eit barn er født og Sonen er oss gjeven,
slik lydde det ein gong i gammal tid.
Om framtida den songen ned vart skriven
om frelsa som ein gong sku' verta di.
Då Gud gav inn i planen sin ein glytt.
Velsigne deg som trur
på gammalt nytt!

Ein gammal mann på lite barn får helsa,
med Jesus på sin arm han lovsong kved:
For no har augo mine sett di frelsa,
no lat meg fara herifrå i fred.
Sitt ljos til alle folk har Herren flytt.
Velsigne deg som trur
på gammalt nytt!

To tusen år er gått og julekvelden
du høyrer i det fjerne englekor,
men ynskjer vera gjertargut ved elden
og kjenna liv og ikkje berre ord.
Så opna opp ditt hjarterom og lytt!
Velsigne deg som trur
på gammalt nytt!

Så kom han som ein fredsfyrste til jorda,
men freden hans er ikkje slik som her.
Han siger vann og fred med desse orda:
Det fullført er! Den freden kjem deg nær
når synd og skuld med nåden hans blir bytt.
Velsigne deg som trur
på gammalt nytt!

Om ein gong du sit gammal og åleine
ser tida di på jord mot natta sviv,
då lyder det ei røyst i kvelden seine:
Kvar den som trur på meg har evig liv!
For stad til deg der heime har eg sytt.
Velsigne deg som trur
at alt blir nytt!

Frå samlinga Dagar i desember.
Julevers, Alpha forlag 2020



Advents- og jule

Velkommen til Familiemix 1. søndag i advent, 29. november kl. 11.00 på Eikelandsosen bedehus.



Fjord`n barnekor held basar-konsert på Eikelandsosen bedehus torsdag 3. desember kl. 17.30. Velkommen til store og små!





GUDSTENSTE I HÅLANDSDAL KYRKJE
søndag 6. desember kl. 11.00

GUDSTJENESTE I SUNDVOR KYRKJE
søndag 13. desember kl. 11.00.



JULEKONSERT I HÅLANDSDAL KYRKJE
torsdag 17. desember kl. 18.00

Medverkande: Eikelandsfjorden musikklag, Maria Louise Lister Midtrød, Eikelandsfjorden skulemusikk, Kor(t)pusten.

– tida i Fusa sokn



TRADISJONELL JULEKONSERT I STRANDVIK KYRKJE
med Holmefjord musikklag og lokale aktørar, fredag 18. desember kl. 19.00.

Gratis inngang, kollekt til Kirkens Nødhjelp.



«NINE LESSONS AND CAROLS»
Ni skriftlesingar og julesongar i Fusa kyrkje søndag 20. desember kl. 16.30.
Koret Sine Nomine deltek.
Kollekt til Fusa sokn sitt misjonsprosjekt.

GUDSTENESTER PÅ JULAFTA

Kl. 11.00	Fusa- bu og behandlingssenter
Kl. 14.00	Strandvik kyrkje
Kl. 14.00	Sundvor kyrkje
Kl. 15.00	Bygdaheimen Holmefjord
Kl. 16.00	Sævareid kapell
Kl. 16.00	Hålandsdal kyrkje

1. JULEDAG:
God jul! Høgtidsgudsteneste i Fusa kyrkje kl. 11.00



ALLE ER VELKOMNE TIL JULEFEST PÅ EIKELANDSOSEN bedehus søndag 27. desember kl. 18.00.
Program, mat, juletregang og godtepose til barna.

1. NYTTÅRSDAG:
Gudsteneste i Hålandsdal kyrkje kl. 11.00

Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

L. HJERTNES AS

Hjartnes 30 - 5646 Nordtveitgrend
Tlf.: 96 92 46 50
post@lhjertnes.no

www.lhjertnes.no

P. H. Haugen
Landhandel - Sævareid
tlf. 56583110
e-post:
narbutikken.severeid@narbutikken.no

VESTLANDSKE LIMTRE INDUSTRI AS

Spesialist på trekonstruksjoner
Limtre – beslag – takstoler - takverk

post@vlimtre.no www.vlimtre.no

Fusa Ferdigbetong as
5640 Eikelandsosen

Betongpumping - ferdigbetong
sand - singel - grus
transport - maskinarbeid
betongprodukter m.m.

Tlf. 56 58 13 10
Mobil 913 65 482 / 951 87 421
E-post: post@fusabetong.no

MALERMESTER
ALF HJELLE & SØNN AS

Utfører alt i maler- og golvbeleggarbeid

Butikk i Fjord`n Senter

FARGERIKE
HJELLE

Åpningstider: Kvardagar kl. 10.00 – 18.00
Laurdag kl. 10.00 – 16.00

Tlf. 56 58 15 25 eller 915 46 880
E-post: firmapost@alfhjelle.no

SPAR
Fusa

Man-fre 07-21
Lørdag 09-20

Tlf. 56582133
spar.fusa@spar.no

Velkommen til hyggelig handel hos Spar Fusa!

VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER,
BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR

TLF 5658 1386 - FAX 5658 1656 - MOB 9854 4766
BERGE ELEKTRONIKK

Opningstider: **Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15**

FUSA AUTO A/S
BILVERKSTAD

Fusa Auto AS
Opsalneset 20, 5641 Fusa
Tlf. 56 58 22 86
Opningstid: mån-fre 07:30-16:00

MECA

Eide

STRANDVIK
Transport og Maskin AS
5643 STRANDVIK strandvik.no dulten@online.no
56 58 21 11 918 44 000 900 12 126 918 18 592

BYGGADMINISTRASJON
Harald Bjørndal a.s
PROSJEKTADMINISTRASJON - TAKSERING - KVALITETSUTVIKLING - OPPLÆRING

Tlf. kontor: 56 58 11 30
Tlf. privat: 56 58 51 19
Telefax: 56 58 11 99
Mobil: 970 63 526
E-mail: post@byggadmin.no

Postboks 103
5649 EIKELANDSOSEN

Trykksaker, profilering,
firmagaver, skilt,
messer og mye mer.

kai-hansen.no

KAI HANSEN

BUNNPRIS
Eikelandsosen
Man - fredag 8-21
Laurdag 9-20
Tlf. 56581245
bpeikelandsosen@bunnpris.no

Tombre
www.tombre.no

REISENE BESTILLER VI HOS:
TRAVELNET
OS REISEBYRÅ AS
2. etg. Flåten Amfi - kotoravdelingen
Tlf.: 56 30 43 00
e-post: os@travelnet.no
www.verden.no
Følg oss på Facebook

SPAR
Eikelandsosen
Opningstid 8-21
Laurdagar 9-20
Tlf. 56 58 00 90

SparebankenVest
avd. Fusa
Tlf. 915 05555
Din lokale bank med forsikring, lån, sparing og plassering.
VI ER HER
www.spv.no

Tønnegarden
HANDVERKTRADISJONAR FRÅ BJØRNAFJORDEN
Samnøyvegen 60 - 5642 Holmefjord - **Tlf. 91 99 30 40**
post@tonnegarden.no - www.tonnegarden.no
PÅ TØNNEGARDEN KAN DU:
- sjå handverkarar i arbeid
- oppleve kultur og historieformidling på nært hald
- bestille selskapslokale, kurs og møtelokale
Følg oss på facebook og instagram.

Fusa og Samnanger
GRAVFERDSBYRÅ
OMSORG VED LIVETS SLUTT
DØGNÅPEN TELEFON
56 58 15 09
SE MINNESIDER PÅ FS-BYRAA.NO
BESTILL BLOMSTER FRAKTFRITT TIL VÅRE SEREMONIER VIA MINNESIDENE PÅ BILDESBLOMSTER.NO ELLER VIA TELEFON 55 19 72 05

Hordaland Rørteknikk A/S
56 58 09 90
hordalandrorteknikk.no
post@hrt.as
Holsundvegen 285
5642 Holmefjord
Din VVS, VA, Vannkraft og Havbruk leverandør.
Godkjent lærebedrift i rørleggerfaget.

Besøk vår heimeside
www.fusa-kraftlag.no
Din lokale kraftleverandør
Strøyma
Fusa kraftlag
5640 EIKELANDSOSEN
Tlf. 56 58 00 20

Malerfirma
Kenneth Samnøen
5640 Eikelandsosen
Alt innen malerarbeid og tapetsering
Tlf. 90 80 15 38

HERBALIFE NUTRITION
Independent Member
Ernæring for et bedre liv – en bedre hverdag! Gå ned i vekt på en sunn og sikker måte. Spør etter prøvepakke – uten forpliktelser!
Bli «FordelsKunde» - oppnå 35% rabatt - fraktfritt.
KA GANGSTØ HERBALIFE
Tlf.: 458 15 890
e-post: famgang@fusi.no
https://www.toppform.no/ksho

Dale Kjøleservice AS



Dagleg leiar i soknet Marius Dale Romslo, kyrkjelydsarbeidar Sylvi Lundgren og dagleg leiar i frivilligsentralen Anja Elisabeth Gjerde Markhus er i gang med tenesta i Fusa!

NYE FJES på kontora og i felten

Det er litt omkalfatring i staben i Fusa sokn for tida, og nye fjes har nyleg blitt synleg for fusingane.

På frivilligsentralen er Linda no i gang med ny foreldrepermisjon etter at ho og Tore Johannes vart foreldre til vesle Arlo William den 25. september. Store gratulasjonar til dei!

Vikar for Linda denne gongen er Anja Elisabeth Gjerde Markhus. Ho er 47 år, bur på Haga i Samnanger og starta i vikariatet på frivilligsentralen 14. oktober. Anja Elisabeth har mellom anna erfaring frå same stillinga ved Samnanger frivilligsentral, så kanskje har ho med seg nokre idear derifrå?

Etter at Gry Jeanette Mjelde slutta i stillinga som kyrkjelydsarbeidar 30. august (sjå side 18), stod denne ubemanna fram til Sylvi Lundgren starta i stillinga rundt 1. november. Sylvi kjem frå stilling som barne- og familiearbeidar i Os sokn gjennom mange år og har rik erfaring med kyrkjelydsarbeid for små og store. Sylvi bur på Os med mann og barn så det blir nokre ferjeturar for ho i den nye jobben. Den pendlinga har både prest og kyrkjelydsarbeidar i Fusa tidlegare hatt god erfaring med, så det har me tru på skal gå fint. Me håpar det vil fungere fint for Sylvi òg, og glèr oss over å få ho med på laget her i Fusa!

I midten av november gjekk Hans Einar Markhus ut i eit års permisjon frå stillinga som dagleg leiar i Fusa sokn. Inn i det vikariatet har me fått Marius Dale Romslo, ein «fin fyr frå Arna» som det så treffande vart sagt. Marius er 44 år og har brei erfaring, mellom anna har han siste året jobba i driftsavdelinga i Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd. Eigentleg er han songar/musikar/dirigent, og det neste året blir oppgåva altså å dirigera staben og soknet i Fusa. Det har me tru på blir bra!

Ta godt imot Marius, Sylvi og Anja Elisabeth, både i kyrkjelyden og i bygda generelt!

«NINE LESSONS AND CAROLS»

Tradisjonen tru blir det «Ni skriftlesingar og julesongar» i Fusa kyrkje på 4. søndag i adventstida, 20. desember kl. 16:30.

«A festival of nine lessons and carols" er den englekse form for julaftangudstenesta som også har vorte populært andre stader i verda. Særleg kjent er den årvisse sendinga i både engelsk radio og tv frå King's College i Cambridge. Her står folk timesvis i kø for å oppleve dette «live».

Tekstane spenner frå syndefallet i 1. Mosebok via lovnadane hjå profetane til Jesu fødsel slik me les det i Johannesevangeliet. Mellom lesingane vert det både korsong av «Sine Nomine» og allsong av advents- og julesalmar. Kollekt til Misjonsprosjektet i Fusa sokn.



Fusakalenderen 2027

Fusakalenderen 2027 er komen for sal! Tema denne gongen er «Ville dyr i Fusa». Motivet er ein Låvesvale som jaktar eit innsekt, eit heilt framifrå godt bilete seier dei som har greie på slikt. Bilete er teke i Lygrepollen av Yngve Vogt. Gratulerer til han! Han får heider, ære og 3000,- kr. for sigeren i fotokonkurransen. Det var mange gode bidrag til konkurransen in år også – takk til alle innsendarar for bidraga og til juryen for godt arbeid!

Konfirmantane har vore ein tur rundt på husstandane i alle Fusa-bygdene for å tilby kalenderen. Dersom du ikkje har fått kjøpt den – eller ynskjer fleire – er den å få tak i på kyrkjekontoret i Eikelandsosen og fleire andre stader i tida framover. Prisen er 200,- kr. og me held fram med suksessen frå i fjor: Du får to kalendarar for prisen av ein! På framsida har kalenderen same størrelse som den har hatt i 41 år, men på baksida er kalenderen trykt i halvparten så stor størrelse. Dersom den store på framsida er for stor for veggen din, kan du klyppe den i to og bruke baksida – fullverdig kalender der òg!

OPEN KYRKJE I STRANDVIK

Strandvik kyrkje er open kvar tredje tysdag i månaden frå kl. 19:00 til 20:00. Her kan du setje deg ned, tenne lys, eller berre lytte til musikk.

DET ER OPEN KYRKJE
19. januar
16. februar
16. mars
20. april
(ikkje i mai)
15. juni

jula – 2026

HJARTETRE

Vil du vere med å gjere jula litt betre for nokon andre?

Sjå gåveønskene på Hjartetreet,
på Fjord'n Nærsenter.
Ta med deg eit hjarte
med ei gåve du vil kjøpe og gje.
Lever gåva, saman med hjarte, på kontoret
til Frivilligsentralen, eller på Bruktbuo
Frist for innlevering av gåve: 14 desember.

Vil du støtte med å gje ei pengegåve til juleaksjonen?
Gje via VIPPS: # 776843
(Hjartetre eller matgåve, valgfritt beløp)

Tusen takk!

FRIVILLIG





JUL I BRUKTBUO

Butikken bugnar av flotte julegåver. I Bruktbuo kan du få julehandelen unnagjort – alle slags varer for ein kvar smak! Og juleputen finn du òg her, både den moderne og den nostalgiske sorten. Velkommen til Bruktbuo på Fjord`n Nærsenter i førjulstida!
Smart for lommeboka – godt for miljøet!

Opningstider:
Torsdag 11-17, Fredag 11-17, Laurdag 11-15



FUSA FRIVILLIG SENTRAL

MATGÅVE TIL JUL

Det vil også i år bli utdelt matgåve til jul til familiar og enkeltpersonar i lokalsamfunnet vårt. Gåvene som blir utdelt har utgangspunkt i gåvene som blir gjeve til føremålet frå enkeltpersonar og næringsliv i bygdene våre.

Har du lyst til å vera med å glede nokon til jul?
Du kan vippse ein valfri sum til nr. 776843 for å vera med på dugnaden. Det er også mogleg å setje penagr inn på konto nr. 3530.25.86215, merk «Matgåve».
Frist for å gje matgåve er 14. desember.


Har du /din familie behov for matgåve til jul?
Me treng ikkje grunngjeving, det einaste du treng å gjere er å melde det inn til dagleg leiar i Fusa frivilligsentral. Det kan gjerast på tlf. 56580114 eller på e-post til ***fusa.frivilligsentral@kyrkja.no***. Tilbodet er taushetsbelagt og svært avgrensa kven som får vite om evt. utdelingar.

Arr: Fusa frivilligsentral med hjelp av Fusa sokneråd, Fjord`n Nærsenter, Nav Bjørnafjorden og Lions Club Fusa.

Barnas

Kryssord

Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å komme fram til løysingsordet. Gå inn på **bibel.no** om du ikkje har boka.



Vits:

Kva seier snømannen når det blir varmt? – No renn det heilt over for meg!

Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Disse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Finn 5 feil

Vismennene følgde stjerna for å finne Jesusbarnet. Dei to bilda er nesten helt like, men kan du finne dei fem feila på bildet til høgre?

Teikning: CHIARA BERTELLI



Fargelegg



Teikning: CHIARA BERTELLI

Labyrint

Kan du hjelpe Maria og Josef å finne vegen til stallen?



WALK & RUN 2026



TAKK FOR INNSATSEN TIL ALLE SOM VAR MED OG STØTTA OPP OM ÅRETS ARRANGEMENT!

GRATULERER MED RESULTATET:
Kr.447.000,- til å hjelpe brannskadde barn i Etiopia.

Årets Walk and Run vart gjennomført med stort oppmøte og rekordresultat!

Vi vil i seinare nummer av kyrkjebladet presentere ein del av borna som har fått ein ny start i livet takka vere alle de som støtta opp om årets Walk and Run.

På vegne av Bruktbuo, Fusa Frivilligsentral og Fusa sokneråd Harald Geir Sæther
Frivillig/Koordinator for Walk and Run 2026



TAKK TIL GRY

Gry Jeanette Mjelde har vore kyrkjelydsarbeidar i Fusa sokn dei tre siste åra. Ho avslutta si teneste hos oss 1. september for å gå tilbake til butikkyrket ho hadde før ho kom til oss i Fusa.

Kyrkjelyden har blitt veldig glade i Gry, hennar positive energi og utruleg fine engasjement for ungdomar og tweens.

Gry har verkeleg fått peikt på Jesus for unge og vaksne i Fusa gjennom sine tre år hos oss, og lært oss alle å rekna med Gud i kvardagen – og bevist for skeptiske fusingar at det KAN komma noko godt frå Os. Så takk til Gry for tenesta hennar i Fusa sokn for denne gongen, og soknet ynkjser Guds signing over hennar liv og teneste vidare!

Os Gravferdsbyrå as

Døgntelefon
56 57 49 50
Jorunn Moberg
Agnethe Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørande som ønskjer å gjera noko sjølve. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

www.osgravferdsbyraa.no

Gravminne

Treng De hjelp til oppretting, sikring, reingjering og fornying av skrift på gravminne samt planting?
Me tilbyr også sal av nye gravminne med tilbehør (Eiker naturstein)

Har lang erfaring og gjer førehandspris
Ring 406 11 817
Leivmagnar.fosse@gmail.com
L.M Fosse

Prosjektering
Rehabilitering
Nybygg

TA KONTAKT MED
BYGGMESTER
SVENN C. STORUM
951 56 327 storum@fusi.no

Gudstenester i Fusa sokn

29.11.2026 - 04.04.2027

Dato	Kl.	Stad	Gudstenesteform	Anledning for dåp
29.11.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	Ja
06.12.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	Ja
13.12.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Ja
20.12.	16:30	Nine lessons and carols	Gudsteneste	Nei
24.12.	11:00	Fusa bu- og beh. senter	Gudsteneste	Nei
24.12.	14:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Nei
24.12	14:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Nei
24.12	15:00	Bygdaheimen Holmefjord	Gudsteneste	Nei
24.12	16:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	Nei
24.12	16:00	Sævareid kapell	Gudsteneste	Nei
25.12.	11:00	Fusa kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Ja
01.01.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	Ja
10.01.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	Ja
17.01.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Ja
24.01.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Ja
24.01.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	Ja
31.01.	11.00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Ja
31.01.	16:30	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Ja
07.02.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	Ja
14.02.	11.00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Ja
21.02.	16:30	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	Ja
28.02.	11:00	Fusa kyrkje	Lekmannsgudsteneste	Nei
07.03.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Ja
07.03.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	Ja
14.03.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	Ja
21.03.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Ja
25.03.	11.00	Fusa bu- og beh.senter	Gudsteneste	Nei
25.03.	19.00	Sævareid kapell	Gudsteneste	Nei
26.03.	11.00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Nei
27.03.	23:00	Hålandsdal kyrkje	Påskenattsgudsteneste	Nei
28.03.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Ja
29.03.	12:00	Hafskorvatnet	Friluftsgudsteneste	Nei
04.04.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	Ja

Frå Kyrkjebøkene

Dåp

STRANDVIK KYRKJE

30.08.2026	Kaja Synnøve Dalland
25.10.2026	Kyrre Helland Samnøy
25.10.2026	Torstein Da Rosa Aksnes

SUNDVOR KYRKJE

16.08.2026	Tuva Lunde Rød
01.11.2026	Erlend Austestad

FUSA KYRKJE

14.06.2026	Synneva Skåtun Dalland
12.07.2026	Adrian Bråten Tveit
09.08.2026	Mia Kjærland
09.08.2026	Noah Tveit
06.09.2026	Jens Næss Almås
06.09.2026	Oskar Krüger Wahl
20.09.2026	Isak Samnøy Glesnes
11.10.2026	Lykke Grønsdal Aadland
11.10.2026	Isak Alm
11.10.2026	Aron Strøm

HÅLANDSDAL KYRKJE

23.08.2026	Alma Elise Ragnhildstveit
23.08.2026	Elisabeth Sofie Bolstad
27.09.2026	Maximilian Lauko Berhovde
25.10.2026	Even Berge

Vigde

HÅLANDSDAL KYRKJE

08.08.2026	Henriette Bildøy Hestad og Morten Bakke
29.08.2026	Hanne Skarstein Bakka og Katarina Aarseth
03.10.2026	Henny Martine Skaland og Erlend Fauskanger
10.10.2026	Sara Sørheim og Halvor Drønen

STRANDVIK KYRKJE

27.06.2026	Maria Danielsen Myhre og Christian Elvsås

Gravferd

HÅLANDSDAL KYRKJE

03.06.2026	Elisabeth Bolstad, f. 21.05.1943
11.08.2026	Arnt Bergheim, f. 15.03.1939
18.09.2026	Arnulf Johan Tombre, f. 17.08.1937

SÆVAREID KAPELL

10.06.2026	Marta Alvdis Sævareid, f. 08.02.1935

FUSA KYRKJE

11.06.2026	Therese Brekke Holmefjord, f. 19.02.1987
30.06.2026	Reidar Holmefjord, f. 29.05.1933
10.07.2026	Christian Fredrik Faltin Store, f. 05.04.1983
15.07.2026	Lars Berge, f. 13.08.1934
06.11.2026	Kristian B. Helland, f.18.08.1947

STRANDVIK KYRKJE

21.08.2026	Rolf Olsen, f. 30.03.1958
25.08.2026	Børje Grøndal Skåtun, f. 26.03.1985
26.08.2026	Else Marie Olsen, f. 18.06.1936
08.10.2026	Ottar Jarle Vik, f. 03.07.1948

Informasjon

Avsendar:
Fusa kyrkjeblad
Postboks 73
5649 Eikelandsosen

Sidan sist

Gudstenestene i kyrkjene i Fusa sokn er jamt over godt besøkt
Her frå Fusa kyrkje søndag 11. oktober. Velkommen på gudstenste i Fusa sokn – kvar søndag!



Konfirmantpresentasjon i Hålandsdal kyrkje søndag 27. september.
Det var presentasjon av dei 30 konfirmantane fordelt på dei fire kyrkjene i slutten av september.





Babysang
– ein strålande fin gjeng har vore med på kurset denne hausten!

I oktober var ei gruppe frå Fusa sokn på tur til Etiopia. Der fekk dei sjå at soknet sitt engasjement gjev frukter og at hjelpa kjem fram! Her er fusingane med på opning av ny brannskadeavdeling i byen Arba Minch, eit av resultata etter Walk & Run i Eikelandsosen.





Overrekking av midlar til Childrens Burn and Wound Care Foundation "i felten" I Etiopia.
Det har passert 450 000,- kr. frå Fusa i gåve til dette føremålet i 2026!

